



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Formannskap

Møtested: Formannskapssalen, 3. etg.

Møtedato: 03.04.2014

Tidspunkt: 17:00 - 20:00

Til behandling: Saksliste nr. 024/14 - 028/14

Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
SP - Asgeir Solheim (Medlem)
V - Marit Sætren (Medlem)
KRF - Dag Almenning (Medlem)
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Varamedlemmer:

FRP - Sølvi Grov (Varamedlem)

Forfall:

FRP - Hogne Bleie (Medlem)

Av 9 medlemmer møtte: 8. Totalt frammøtte: 9

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite, fung. kommunalsjef Jeanette Jensen og tjenesteleder kultur Odd Gunnar Myhre.

Måløy 3. april 2014

Morten A. Hagen
ordfører

Linda A. Myhre Larsen
tjenesteleder Service

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
024/14	Godkjenning av møteprotokoll	
025/14	Referatsaker	
026/14	Mottak flyktninger 2014 - 2016	
027/14	Investeringsprosjekt 4041 Oppgradering av Måløy stadion	
028/14	Møteplan 2014 - 2. halvår	

Ingen merknader til innkallingen.

Orienteringer

Tilskudd private barnehager:

De private barnehagene får mellom 98% -100% av kommunens utgifter til drift av barnehager. Dette vil på sikt økes til 100% for alle de private barnehagene.

Det er utbetalt kr. 1,6 mill for mye i tilskudd til de private barnehagene.

Kommunen vil trekke tilskuddet inn i 2014. Barnehagene kan klage på dette. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er klageinstans.

Vågsøy kommune driver billig innen barnehagesektoren. Dette har konsekvenser for de private barnehagene.

Fjordly barnehage har nedgang i barnetall. Skarevik barnehage har fått løyve til utvidet barnetall for å beholde hele familier som ikke ønsker å splittes.

Formannskapet ber om at det blir sendt ut informasjon til foreldre om hva som skjer videre i forhold til de som ikke er tildelt plass ennå.

Halv stilling i barnevernet.

Vågsøy kommune har fått tildelt halv stilling innen barnevern. Denne vil bli utlyst og tilsetting vil skje i 50% fast stilling.

Campingplass i Refvik - Strømuttak

Anlegget for strømuttak til camping- og bobilturister på Refvik Camping må oppgraderes. Kommunen forsøker å søke midler gjennom Nordfjord Vekst.

Digitale tegninger

Kommunen har engasjert arkitekt for utarbeidelse av digitale kart over anlegget på Tennebø.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	03.04.2014	024/14

Endelig vedtak i: Formannskap	Arkivsaknr.: 14/476	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
----------------------------------	------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

03.04.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-024/14

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 27.03.2014 ligger under «Mine referater» i Politikerportalen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	03.04.2014	026/14
Kommunestyre	10.04.2014	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/751	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
---	-------------------------------	---

Forespurnad om mottak av flyktningar 2014 - 2016

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommune vil ta imot 10 flyktningar pr år i åra 2014 – 2016. Mottaket vert å tilpasse kommunen si framdrift på tilrettelegging av ma bustader.
2. Det vert oppretta stilling som flyktningekonsulent knytt til NAV for å koordinere mottak og integrering.
3. Rådmannen vert bedt om å kome attende med ei sak om oppretting av eit investeringsprosjekt på kjøp av bustader finansiert gjennom lån og tilskot i Husbanken.

03.04.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Bryggjalista v/rep. Einar Midtbø fremmet følgende endringsforslag til rådmannens forslag:

«Ut fra Vågsøy kommune sin utfordrende økonomi ser ikke Vågsøy kommune seg syne med å ta i mot flyktninger på nåværende tidspunkt.»

Votering

Det ble votert alternativ over rådmannens forslag og endringsforslag fra Bryggjalista v/repr. Midtbø. Rådmannens forslag ble vedtatt mot 2 stemmer.

F-026/14

Vedtak:

1. Vågsøy kommune vil ta imot 10 flyktningar pr år i åra 2014 – 2016. Mottaket vert å tilpasse kommunen si framdrift på tilrettelegging av ma bustader.
2. Det vert oppretta stilling som flyktningekonsulent knytt til NAV for å koordinere mottak og integrering.
3. Rådmannen vert bedt om å kome attende med ei sak om oppretting av eit investeringsprosjekt på kjøp av bustader finansiert gjennom lån og tilskot i Husbanken.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Bakgrunn for saka

Kommunen har motteke brev dagsett 17.01.2014 frå IMDI om busetting av flyktningar. Kommunen sa seinast nei til dette i 2013. Kommunen blir bedt om å ta i mot 10 flyktningar pr. år for perioden 2014 – 2016.

Saksopplysningar / fakta

Det sit svært mange med busettingsløyve i norske mottak og ventar på å bli tildelt busettingskommune. Det har i denne samanheng kome innstendige oppmodingar ma frå Statsråden for Intergreringsdepartementet om at kommunane aukar tempoet i mottak.

Utfordringa for mange kommunar er egna bustader. I Vågsøy er dette ikkje mindre enn andre stader. Flyktningane må bu sentralt då dei ikkje disponerer bil og må kunne nå lett offentlege tilbod som undervisning.

Det som er naudsynt for å kunne starte førebuing av mottak, er at det vert oppretta ei stilling som flyktningekonsulent som samordnar dei ulike tiltaka og legg til rette for å gjere mottak og integrering så smidig som mogeleg.

Ein er også i ein situasjon der opplæringstilbodet ved Vaksenopplæringa må avklarast. Det skal tilsetjast ny rektor, og denne vil ikkje vere på plass før i frå hausten.

Kommunen har tidlegare lyst etter ledige husvære å leige utan respons. Det vert difor vurdert som mest realistisk å kjøpe bustader brukt eller nytt. Begge delar er tilgjengeleg. Husbanken har gunstige finansieringsordningar med lån, tilskot til kjøp og husleigetilskot som gjer at dette i liten grad skal belaste økonomien.

Mottak av flyktningar utløyser fleire tilskot til å dekke utgifter med:

Integreringstilskudd:

Sats År-1 (2014) kr. 177 000 (voksen, barn, enslig mindreårig)*
kr. 225 000 (enslig voksen)

År-2 (2013) kr. 200 000

År-3 (2012) kr. 142 600

År-4 (2011) kr. 80 000 År-5 (2010) kr. 70 000

Barnehagetilskudd kr. 23 400 (engangstilskudd)

Eldretilskudd kr. 152 200 (engangstilskudd)

Særskilt tilskudd enslige mindreårige kr. 185 400

Personer med kjente funksjonshemmingar Tilskudd 1: kr. 170 500 (engangstilskudd)

Tilskudd 2: Inntil kr. 852 900 i inntil 5 år

I tillegg får ein tilskot til undervisning og ved familiegjenforening. Kommunen får også ordinære tilskot gjennom rammetilskotsordninga for desse som innbyggjarar.

Integreringstilskuddet skal bidra til at kommunane gjennomfører et planmessig og aktivt bosettings- og integreringsarbeid, med sikte på at dei busette skal komme i arbeid og greie seg sjølv. Tilskuddet

skal dekke kommunen sine gjennomsnittlige utgifter med busetting og integrering i bosettingsåret og dei fire neste åra.

Økonomisk dekker tilskotet kommunen sine utgifter til ma flyktningekonsulent.

Vurdering / konsekvensar

Vågsøy kommune må ta sitt ansvar i høve mottak av flyktningar. Tilskotsordningane er slik at dette ikkje kan gjerast til eit økonomisk spørsmål.

Kommunen er i ein situasjon med synkande folketal og mottak vil vere med å å motverke dette.

Det er imidlertid viktig at ein startar med å få på plass ei stillig som kan førebu mottaket på beste måte. Vidare må ein anskaffe bustader til føremålet. Det er bustader i sentralt i kommunen som kan egne seg til føremålet. Administrasjonen vil utgreie dette nærare og kome attende med ei sak om kjøp av bustadar.

Eigedomsavdelinga si vurdering er at kommunen ikkje sjølv disponerer bustader. Det er eldre bustader sentralt til sals som vert vurdert som egna til føremålet. Det må i tillegg vurderast opp i mot mottak i 2015 og 16 å bygge bustader til føremålet. Dette skaper aktivitet i byggebransjen som er positivt i ein periode med lite nybygging.

Vedlegg:

Dok.nr
129034
136165

Tittel på vedlegg
Busetting av flyktningar i Vågsøy Kommune - Oppmoding om busetting av flyktningar i perioden 2014-2016
Nottat frå Nav vedr. mottak av flyktninger

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	08.05.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet IMDI	Påminnelse om søknadsfrister for norsktilskudd mai 2013 - Frist 15.05.2013
2	I	02.07.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet IMDI	Høysesong for tvangsekteskap
3	I	01.11.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	Informasjon til kommuner om søknader i NIR november 2013, Norsktilskudd
4	I	21.11.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	Informasjon til kommuner om utsatt søknadsfrist - norsktilskudd november 2013
5	I	16.12.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet IMDI	Busetting av flyktningar i Vågsøy Kommune - Oppmoding om busetting av flyktningar i perioden 2014-2016
6	U	17.01.2014	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet IMDI	Busetting av flyktningar i Vågsøy Kommune - Oppmoding om busetting av flyktningar i perioden 2014-2016



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	03.04.2014	027/14
Oppvekst- og kulturutvalg	03.04.2014	017/14
Kommunestyre	10.04.2014	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 12/1475	Saksansvarleg: Odd Gunnar Myhre
---	--------------------------------	---

Investeringsprosjekt 4041 Oppgradering av Måløy stadion

Rådmannen si innstilling

Rådmannen tilrår at Kommunestyret godkjenner vedlagt prosjektplan og oppstart av investeringsprosjekt « 4041 Oppgradering av Måløy stadion» innafor ei investeringsramme på kroner 7.700.000 eks. mva.

Til grunn for godkjenninga ligg følgjande forutsetningar:

- Vågsøy kommune forskotterer spelemidlar med inntil 2,5 mnok
- Vågsøy kommune tar risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar med inntil 1,0 mnok.
- MIL må framlegge garanti for risiko knytt til manglende tildeling av spellemidlar for inntil 1,5 mnok
- Årleg driftstilskot frå Vågsøy kommune til MIL vert redusert med 3% av forskoterte spelemidlar inntil spelemidlane vert utbetalt.
- Tilskot frå MIL skal innbetalast til Vågsøy kommune ved vedtak om oppstart av investering.
- Dersom noko uforutsett oppstår som medfører at kostnadane med prosjektet overstig samla kostnadsramme inkl. sikkerheitsmargin kan prosjektet bli stoppa. Risiko for påløpte kostnadar i prosjektet ligg då hos MIL, avgrensa oppad til avtalt tilskot på kroner 4.500.000.

03.04.2014 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Tenesteleiar kultur Odd Gunnar Myhre og rådmann Knut Ove Leite orienterte og svarte på spørsmål.

Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-017/14

Vedtak:

Rådmannen tilrår at Kommunestyret godkjenner vedlagt prosjektplan og oppstart av investeringsprosjekt « 4041 Oppgradering av Måløy stadion» innafor ei investeringsramme på kroner 7.700.000 eks. mva.

Til grunn for godkjenninga ligg følgjande forutsetningar:

- Vågsøy kommune forskotterer spelemidlar med inntil 2,5 mnok
- Vågsøy kommune tar risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar med inntil 1,0 mnok.
- MIL må framlegge garanti for risiko knytt til manglande tildeling av spellemidlar for inntil 1,5 mnok
- Årleg driftstilskot frå Vågsøy kommune til MIL vert redusert med 3% av forskoterte spelemidlar inntil spelemidlane vert utbetalt.
- Tilskot frå MIL skal innbetalast til Vågsøy kommune ved vedtak om oppstart av investering.
- Dersom noko uforutsett oppstår som medfører at kostnadane med prosjektet overstig samla kostnadsramme inkl. sikkerheitsmargin kan prosjektet bli stoppa. Risiko for påløpte kostnadar i prosjektet ligg då hos MIL, avgrensa oppad til avtalt tilskot på kroner 4.500.000.

03.04.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Orientering av rådmann Knut Ove Leite.

Tippemidler ligger inne i 2017 og ikke i 2015 som det står i sakspapirene.

Kulepunkt 3 kan fjernes fra rådmannens innstilling til vedtak. Det vil ikke være en risiko knyttet til dette grunnet prisjustering.

Orientering om saken ved tjenesteleder Kultur v/ Odd Gunnar Myhre.

Ordfører Morten A. Hagen fremmet forslag om at kulepunkt 3 tas ut av rådmannens innstilling.

Votering

Det ble votert alternativt over forslag fra ordfører, der kulepunkt 3 fjernes og innstilling til vedtak fra Oppvekst- og kulturutvalget. Forslaget til ordfører ble enstemmig vedtatt.

F-027/14

Vedtak:

Rådmannen tilrår at Kommunestyret godkjenner vedlagt prosjektplan og oppstart av investeringsprosjekt « 4041 Oppgradering av Måløy stadion» innafor ei investeringsramme på kroner 7.700.000 eks. mva.

Til grunn for godkjenninga ligg følgjande forutsetningar:

- Vågsøy kommune forskotterer spelemidlar med inntil 2,5 mnok
- Vågsøy kommune tar risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar med inntil 1,0 mnok.
- Årleg driftstilskot frå Vågsøy kommune til MIL vert redusert med 3% av forskoterte spelemidlar inntil spelemidlane vert utbetalt.
- Tilskot frå MIL skal innbetalast til Vågsøy kommune ved vedtak om oppstart av investering.
- Dersom noko uforutsett oppstår som medfører at kostnadane med prosjektet overstig samla kostnadsramme inkl. sikkerheitsmargin kan prosjektet bli stoppa. Risiko for påløpte kostnadar i prosjektet ligg då hos MIL, avgrensa oppad til avtalt tilskot på kroner 4.500.000.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

<[LOV-1992-09-25-107](#) Kommuneloven – kompl. Lov om kommuner og fylkeskommuner

- [2000.12.15 nr 1423](#): (KRD) Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1424](#): (KRD) Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)
- [2000.12.15 nr 1425](#): (KRD) Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner

31.05.2011: Økonomireglement for Vågsøy kommune

31.05.2011: Finansreglement for Vågsøy kommune

"Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet- 2013"

Bakgrunn for saka

Måløy idrettslag (MIL) tok i 2012 kontakt med Vågsøy kommune for å sjå på muligheita for å rehabilitere Måløy stadion. Måløy idrettslag ynskjer å få lagt kunstgras på fotballbana, få fast kunststoffdekke på friidrettsdelen og etablere lysanlegg.

Det er Vågsøy kommune som er eigar av Måløy stadion, men anlegget vert drifta av MIL. Her ligg det føre ei driftsavtale. Sidan det er Vågsøy kommune som er eigar av anlegget må ei eventuell investering skje i regi av kommunen.

Det vart lagt fram ei sak om dette i kommunestyret 19.12.12. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Kommunestyret godkjenner investering i kunstgress, tartandekke friidrett og lys ved Måløy stadion innanfor en investeringsramme på 6,6 mnok pluss merverdiavgift. Til grunn for godkjenningen ligger følgende forutsetninger:

- *Vågsøy kommune forskutterer spillemidler med inntil 2,8 mnok*
- *Vågsøy kommune tar risiko knyttet til manglende tildeling av spillemidler med inntil 1,0 mnok.*
- *MIL må fremlegge garanti for risiko knyttet til manglende tildeling av spillemidler for inntil 1,8 mnok*
- *Årlig driftstilskudd fra Vågsøy kommune til MIL reduseres med 3% av forskutterte spillemidler inntil spillemidler utbetales.*
- *Tilskudd fra MIL/lokalt næringsliv innbetales til Vågsøy kommune ved vedtak om oppstart av investering. Alternativt stilles bankgaranti.*
- *Endelig vedtak om oppstart gjøres når avklaring knyttet til søknad om spillemidler foreligger i juni 2013*

Investeringsprosjekt "4041 Oppgradering av Måløy stadion" innarbeides i økonomiplan 2013 - 2016.»

Prosjektet vart lagt ut på anbod på Doffin våren 2013, men då finansieringa av prosjektet frå MIL ikkje var avklara blei anbodsrunderen avlyst.

Saksopplysningar / fakta

Prosjektet har vert ute på ny anbudsrunde på Doffin med frist 14. mars 2014. Prosjektet vart lagt ut som ei totalentreprise. Det kom inn tre tilbod. Eit av tilboda var ikkje totalentreprise og vart dermed avvist. Ut frå ei totalvurdering er det gått vidare med Polytan AS. Med bakgrunn i dette er det sett opp kostnadsoverslag.

Kostnadsoverslag:

Rigging og drift	kr	50 000
Grunn løpebane	kr	1 725 000
Grunn kunstgras	kr	1 257 000
Flomlys	kr	816 000
Kunstgras fotball	kr	1 795 000
Utstyr – vedlikehald	kr	37 000
Idrettsutstyr	kr	72 000
Friddrettsdekke	kr	970 000
Planlegging, kontroll, 5% av tot kostnad	kr	336 000
Byggekostnad	kr	7 058 000
Sikkerhetsmargin ca 13,4%	kr	948 000
Totalt	kr	8 006 000
Fotballmål	kr	30 000
Totalt inkl. fotballmål	kr	8 036 000
- Planlegging og kontroll på dugnad ¹⁾	kr	336 000
Finansieringsbehov	kr	7 700 000
Merverdiavgift ²⁾	kr	1 930 000
Finansieringsbehov inkl. mva	kr	9 630 000

¹⁾ Ingeniør Ragnar Hagen har teke på seg å gjere alt arbeid i samband med prosjektering. I samband med søknad om tippemidlar er det vanleg å rekne 5 % av totalkostnaden til planlegging og kontroll. Dette vert gjort som dugnad for idrettslaget og blir ikkje bli belasta prosjektet.

²⁾ Meirverdiavgifta blir frå og med 2014 refundert i investeringsrekneskapet og treng derfor ikkje eiga finansiering.

Totalkostnad for kunstgras og flomlys er kostnadsrekna til kroner 6.070.000 eks. mva. Totalkostnad for friddrettsdelen er kostnadsrekna til kroner 2.047.000 eks. mva. I tillegg må det kjøpast inn 2 stk. 11`er mål til en kostnad på om lag kroner 30 000. Mil har allereie 4 stk. 7`er mål. Totalkostnaden i prosjektet inkludert ein sikkerhetsmargin på ca 13 % er kroner 8.036.000. Med frådrag for finansiering i form av dugnad er finansieringsbehovet i prosjektet kroner 7.700.000.

Det er kome signal om at trafoen som skal nyttast for straumforsyning til anlegget har for liten kapasitet og må skiftast av SFE. SFE har opplyst at kommunen mest truleg må inn med eit anleggsbidrag. I samtale med SFE er det blitt førespegla ein kostnad på om lag 20.000 kroner. Denne kostnaden er ikkje med i kostnadsoverslaget, og vil eventuelt gå av sikkerheitsmargin.

Tilskot i form av spelemidlar

Vågsøy kommune har sendt inn søknad om spelemidlar for anlegget. Friidrettsdelen fekk tildelt kroner 700 000 i 2013.

I Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017 ligg kunstgras/flomlys på Måløy stadion inne med ei tildeling på kroner 2.300.000 i 2015. Basert på oppdatert kostnadsoverslag kan dette aukast til kroner 2.500.000. Hovudregelen er at det kan ytast eit tilskot på 1/3 av godkjent kostnad inkl. mva. Spelemidlar for kunstgras og lysanlegg kan maksimalt utgjere kroner 2.500.000, og for friidrett kan den maksimalt utgjere kroner 700 000.

Tilskotet på kroner 700.000 er løyvd og kan utbetalast. Tilskotet på kroner 2.500.000 er ein del av framtidig løyving gjennom Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017. Erfaringsmessig er det eit etterslep på spelemidlar på 3-5 år. Det medfører at finansieringa i form av spelemidlar med kroner 2.500.000 må forskotterast. I brev 15.10.12 ber MIL om at Vågsøy kommune skal forskottere spelemidlar. MIL er villig til å redusere driftstilskot (kr 125.000 pr år) med kroner 70.000 pr. år for å kompensere for renteutgifter inntil spelemidlar vert utbetalt.

I kommunestyrets vedtak i frå desember 2012 var det lagt inn ei føresetnad om å redusere driftstilskotet til MIL med 3% av forskoterte spelemidlar. Med ei forskotering på kroner 2.500.000 utgjere det eit trekk på kroner 75.000 pr år. Det er då teke høgde for at det ikkje er forskotering av kroner 700.000 som allereie er løyvd til friidrettsdelen av prosjektet.

Dersom kostnadane i prosjektet skulle bli lågare enn budsjettert vil finansieringa i form av spelemidlar bli redusert.

Tilskot frå Måløy idrettslag (MIL)

I følgje MIL kan dei yte eit tilskot til oppgradering av Måløy stadion på kroner 4.500.000. Dette finansierer MIL gjennom tilskot frå lokalt næringsliv og ved låneopptak på kroner 1.250.000. MIL har sendt over dokumentasjon på grunnlaget for tilskotet.

Når det gjelder punktet om garanti for risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar for inntil 1,5 mnok har ikkje MIL dette på plass pr i dag.

Vurdering / konsekvenser

I og med at det er Vågsøy kommune som er eigar av anlegget føreset det at ein eventuell investering skjer i regi av kommunen. Totalkostnaden i prosjektet inkludert ein sikkerheitsmargin på ca 12 % er kroner 8.036.000 eks mva. Med frådrag for finansiering i form av dugnad er finansieringsbehovet i prosjektet kroner 7.700.000 eks. mva. Meirverdiavgifta blir frå og med 2014 refundert i investeringsrekneskapet og treng derfor ikkje eiga finansiering.

I og med at det kan ta nokre år før spelemidlar på kroner 2.500.000 blir utbetalt må spelemidlane forskotterast. I dette tilfellet vil forskotering ha liten påverknad på kommunens driftsbudsjett då MIL vil dekke rentekostningar gjennom redusert tilskot inntil utbetaling av spelemidlar. 3% av kroner 2.500.000 utgjere kroner 75.000.

Finansiering:

Tilskot spelemidlar (fylkeskommunen)	kr	700 000
Kommunalt lån (forskotering av spelemidlar)	kr	2 500 000
Tilskot frå MIL	kr	4 500 000
Sum:	kr	7 700 000

For å sikre tilskotet frå MIL bør det forutsettast at tilskotet vert innbetalt til Vågsøy kommune før kommunen startar opp investeringa/skriv kontrakt. Tilskot frå MIL betalast inn til kommunen ved vedtak om å starte opp prosjektet.

Vågsøy kommune tar risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar med inntil 1,0 mnok. Når det gjeld punktet om garanti for risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar for inntil 1,5 mnok har ikkje MIL dette på plass pr i dag. Risikoen knytt til manglande tildeling av spelemidlar til prosjektet ut over millionen kommunen tar risikoen med antas å være relativt lav då prosjektet er inne i «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017». Punktet er likevel tatt med i framlegg til vedtak i henhold til gjeldande kommunestyrevedtak.

Dersom noko uforutsett oppstår som medfører at kostnadane med prosjektet overstig samla kostnadsramme inkl. sikkerhetsmargin kan det vere aktuelt å vurdere om prosjektet skal stoppest før fullføring. Det kan då medføre reduksjon/bortfall av tilskot i form av spelemidlar. For å redusere kommunens risiko for å pådra seg kostnader bør det forutsettast at risiko for påløpte kostnader i prosjektet i ein slik situasjon ligg hos MIL. Ansvarer kan eventuelt avgrensast oppad til avtalt tilskot på kroner 4.500.000.

Rådmannen tilrår at Kommunestyret godkjenner vedlagt prosjektplan og oppstart av investeringsprosjekt « 4041 Oppgradering av Måløy stadion» innafor ei investeringsramme på kroner 7.700.000 eks. mva.

Til grunn for godkjenninga ligg følgjande forutsetningar:

- Vågsøy kommune forskotterer spelemidlar med inntil 2,5 mnok
- Vågsøy kommune tar risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar med inntil 1,0 mnok.
- MIL må framlegge garanti for risiko knytt til manglande tildeling av spelemidlar for inntil 1,5 mnok
- Årleg driftstilskot frå Vågsøy kommune til MIL vert redusert med 3% av forskoterte spelemidlar inntil spelemidlane vert utbetalt.
- Tilskot frå MIL skal innbetalast til Vågsøy kommune ved vedtak om oppstart av investering.
- Dersom noko uforutsett oppstår som medfører at kostnadane med prosjektet overstig samla kostnadsramme inkl. sikkerhetsmargin kan prosjektet bli stoppa. Risiko for påløpte kostnader i prosjektet ligg då hos MIL, avgrensa oppad til avtalt tilskot på kroner 4.500.000.

Vedlegg:

Dok.nr
136118

Tittel på vedlegg
Investeringsprosjekt 4041 Oppgradering av Måløy stadion

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	I	27.09.2012	Måløy Idrettslag	Tilbud kunststoffdekke
5	I	27.09.2012	Måløy Idrettslag	Tilbud - kunstgras
8	U	11.10.2012	Kulturdepartementet	Søknad om godkjenning av planer -Måløy stadion
16	I	11.11.2012	Måløy Idrettslag	FW: Svar på søknad ang spelemidlar
17	U	13.11.2012	Måløy Idrettslag	Svar på søknad ang spelemidlar

20	U	23.01.2013	Måløy Idrettslag	Melding om vedtak - K-sak 087/12 - Måløy stadion
23	U	25.02.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune; Sparebanken Sogn og Fjordane	Signert søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune om medfinansiering Måløy stadion
22	I	28.05.2013	Måløy Idrettslag	Informasjon - utsatt oppstart til oktober
25	I	16.03.2014	Måløy Idrettslag	Nordea lån - Måløy Idrettslag
26	I	16.03.2014	Måløy Idrettslag	Overførsel frå MIL til Vågsøy kommune
27	I	16.03.2014	Måløy Idrettslag	Gavebrev til Måløy idrettslag frå Coast Seafood
28	I	16.03.2014	Måløy Idrettslag	Gavebrev til MIL frå Båtbygg
29	I	16.03.2014	Måløy Idrettslag	Inneståelseserkæring Sparebanken Vest
30	I	16.03.2014	Måløy Idrettslag	Måløy stadion - Garanti frå Coast Seafood
32	I	26.03.2014	Måløy Idrettslag	Stadfesting på prosjektering frå Råd. Ing Ragnar Hagen AS
33	I	26.03.2014	Måløy Idrettslag	Oppdatert stadfesting av tilskot frå Coast Seafood AS



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	03.04.2014	028/14

Endelig vedtak i: Formannskap	Arkivsaknr.: 13/1686	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
----------------------------------	-------------------------	--

Møteplan 2014 - 2. halvår

Rådmannens innstilling

1. Det settes opp slik korrigert møteplan for 2014, ekstra møter i Planutvalg og Formannskap:

HO	OK	PU	F	K
27. januar	28. januar	30. januar	30. januar	13. februar
24. mars	25. mars	27. mars	27. mars	10. april
5. mai	6. mai	8. mai	8. mai	22. mai
2. juni	3. juni	5. juni	5. juni	19. juni
8. september	9. september	11. september	11. september	25. september
		2. oktober	2. oktober	
13. oktober	14. oktober	16. oktober	16. oktober	30. oktober
		13. november	13. november	
			20. november	
24. november	25. november	27. november	27. november	
				11. desember

03.04.2014 Formannskap

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte om at det vil bli felles Formannskapsmøte 05.06.2014 med Eid og Selje. Det kan bli knapt med møter på våren utfra godkjent møteplan for 1. halvår 2014. Dersom det blir behov for flere møter vil rådmann komme tilbake med hensyn til dette.

Votering

Rådmannen innstilling enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Det settes opp slik korrigert møteplan for 2014, ekstra møter i Planutvalg og Formannskap:

HO	OK	PU	F	K
27. januar	28. januar	30. januar	30. januar	13. februar
24. mars	25. mars	27. mars	27. mars	10. april
5. mai	6. mai	8. mai	8. mai	22. mai
2. juni	3. juni	5. juni	5. juni	19. juni
8. september	9. september	11. september	11. september	25. september
		2. oktober	2. oktober	
13. oktober	14. oktober	16. oktober	16. oktober	30. oktober
		13. november	13. november	
			20. november	
24. november	25. november	27. november	27. november	
				11. desember

Saksopplysninger / fakta

Rådmannsteamet satte opp utkast til møteplan for hele året 2014. Denne ble vedtatt av kommunestyret 12.12.2013 i sak 103/13. Etter at administrasjonen kalte inn til ekstraordinært Formannskap- og Planutvalgsmøte 03.04.2014 ba Formannskapet om at det burde gjøres endringer i møteplan for 2. halvår 2014 og settes opp flere møter.

Administrasjonen ble bedt om å komme med et utkast til korrigert møteplan for 2. halvår 2014 til ekstraordinært møte i Formannskap 03.04.2014.

Administrasjonen har satt opp ekstra planutvalgs- og formannskapsmøte torsdag 02.10.2014 og ekstra formannskapsmøte torsdag 20.11.2014.

Møteplan settes opp ut fra at en skal ha bedre oversikt over møtedager og behandlingsgangen for større saker som skal til behandling utover i året. Det er satt møter med samme ukedager som tidligere fastsatt – mandager for helse- og omsorgsutvalget, tirsdager for oppvekst- og kulturutvalget og torsdager for formannskap og kommunestyre.

Det er videre tatt hensyn til fylkeskommunens møteplan slik at en får minst mulig kollisjoner der, og det er tatt hensyn til vinterferie og høstferie for skolene.

Utvalg for plansaker har møter samme dag som formannskapet. Møtetiden for møtene i formannskapet reguleres ut fra saksmengden som skal til behandling i planutvalget og bestemmes først når sakslisten settes opp. Vanligvis er planutvalget først og da fra kl. 14.00 og formannskapet vanligvis en time senere fra kl. 15.00

Det tas forbehold om endringer av møteplanen ved at ekstra møter legges inn eller møter må flyttes. Det kan for eksempel være nødvendig med ekstra møter i formannskapet i forkant av et møte i kommunestyret. Det kan på komme saker som gjør endringer i møteplanen nødvendig og

som en ikke har oversikt over når møteplanen settes opp.

